

Sterk vekst, godt samarbeid og spennande moglegheiter for reiselivet på Sunnmøre

Reiselivsnæringa på Sunnmøre har hatt ein positiv og stabil vekst over tid, og 2024 vart eit nytt høgdepunkt. SSB-tala viser at regionen sette ny rekord med over 1 million kommersielle overnattingar. Endå meir gledeleg er det å sjå at fleire gjestar kjem utanfor tradisjonell høgsesong. Auken i skuldersesongane – april, mai, september og oktober – er på heile 25 %, noko som legg grunnlag for fleire heilårsarbeidsplassar og eit meir berekraftig reiseliv.

Etterspurnaden etter aktive opplevingar og autentiske reisemål held fram med å vekse, og Nordvestlandet er i ferd med å få fotfeste som ein attraktiv opplevingsdestinasjon. Det er særleg god utvikling innan aktivitets- og opplevingsreiser, men vi ser òg at kulturfeltet har eit stort uutnytta potensial som vi no ønskjer å utvikle vidare.

Strategiplanen for Destinasjon Ålesund & Sunnmøre, utvikla i samarbeid med medlemsbedriftene, har fokus på å forlenge opphaldet til gjestane og styrke heilårsbesøket i heile regionen. I 2024 starta evalueringssarbeidet med stort fokus på innspel og evaluering frå medlemmane. Eit sentralt punkt er å vidareutvikle det gode samarbeidet med Visit Nordvest, som har gitt svært gode resultat dei siste åra. No ser vi på moglegheita for å slå saman selskapa for å styrke posisjonen vår, sikre betre leveransar og skape ei sterkt framtidssretta organisering.

Aktivitetsnivået har vore høgt gjennom heile 2024. Vi har gjennomført målretta marknadsaktivitetar, delteke fysisk på workshopar både nasjonalt og internasjonalt, og styrkt profilen vår gjennom kampanjar og auka synlegheit i digitale kanalar og sosiale medium. Samarbeidet med destinasjonane på Vestlandet og Fjord Norge AS gjer at webplattformene våre er i stadig utvikling. Produktdatabasen blir stadig meir robust, og det gir medlemmane auka synlegheit både i eigne og eksterne kanalar som visitnorway.com.

Eit viktig innsatsområde framover er tilgjenge. Vi jobbar aktivt for fleire direkteruter til Vigra og resten av regionen, for å sikre heilårsbesøk og legge til rette for vidare vekst. Tilgjenge er ein nøkkelfaktor for å lykkast med dette.

Auka turisttrafikk gir store moglegheiter, men krev òg godt samarbeid og ansvarleg forvaltning. For å unngå overbelastning på attraksjonar og infrastruktur må kommunar, næring og destinasjonsselskap spele på lag. Vi tek dette ansvaret på alvor og følgjer utviklinga nøye. Her er prosjekt som *Adventure 2030* viktige verktøy for å skape heilårstilbod og sikre fleire stabile arbeidsplassar i reiselivsnæringa.

Destinasjon Ålesund & Sunnmøre skal vere ein drivkraft for lønsam og ansvarleg utvikling i reiselivet. Vi skal styrke merkevara Sunnmøre, sikre god forankring i regionen og jobbe for engasjerte og synlege medlemmar.

Suksess kjem ikkje av seg sjølv – den byggjer vi saman, gjennom tett samarbeid og målretta innsats. Vi ser lyst på framtida, og gler oss til å ta imot nye og tilbakevendande gjestar i 2025. Velkommen til «*The Adventure Capital of the Fjords*»!



Tom Anker Skrede
Reiselivssjef